

ARBEIDSMILJØPRISEN 2025

Fagforbundet Vestland, Utdanningsforbundet og KS deler kvart år i fellesskap ut ein arbeidsmiljøpris i samband med den årlege Arbeidsmiljøkonferansen i Vestland. Konferansen i år er lagt til Clarion Hotell, Flesland i Bergen 01.- 02 oktober 2025.

Alle kommunar, fylkeskommunen, kommunale og fylkeskommunale arbeidsplassar er moglege kandidatar til prisen, heilt ned på avdelingsnivå.

Overordna for tildelinga av prisen er at det må vera eit samarbeidstiltak eller eit partssamansett arbeid mellom arbeidsgjevar- og arbeidstakarsida, og at tiltaket kan stå som eit godt eksempel for andre.

Som døme på arbeidsmiljøtiltak som kan kvalifisera for prisen kan nemnast:

- **Gode tiltak eller prosjekt innanfor satsingsområda for eit meir inkluderande arbeidsliv – IA.**
- **Livsfaseorientert personalpolitikk og eller kompetanseutvikling.**
- **Omstillingsarbeid eller endringsprosessar.**

Alle tilsette kan føreslå kandidatar til prisen. Forslaga kan sendast KS på e-post: sos@ks.no

innan 1. september 2025.